

# K-POSTEN

ÅRGANG 17, NUMMER 1

Mars 2014

## Attraktivitet og folkevekst

Ei av dei store utfordringane for distrikta er folkevekst. Folkeveksten i landet har vore vesentlig større enn den over tid til dømes har vore i Sogn og Fjordane og i Naustdal Kommune.

LES MEIR S. 2

## Informasjon om eigedomsskatt for skatteåret 2014:

Med heimel i eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert eigedomsskatten vidareført i 2014, i heile Naustdal kommune.

Eigedomskattesatsen vert sett til 7 promille.

LES MEIR S. 3

## Planstatus

### Naustdal har størst vekst i fylket

Dei siste tala frå SSB viser at Naustdal hadde størst vekst i fylket i 2013 med 2,3 % (+63 personar). Langsiktig politisk arbeid med ny veg til Sæla og nye store byggjeområde i sentrum og Sæla gjev resultat, saman med utbyggjarar som tek i bruk potensialet i dei kommunale planane.

LES MEIR S. 4

## Bok og handarbeids kafé på Naustdal bibliotek torsdag

20. mars kl. 18.00.

Midtre Sunnfjord husflidslag og Naustdal bibliotek ønskjer velkommen til

“Handarbeid og Bokkafé” på Naustdal biblioteket. Vi håper dette kan være starten på et uformelt månedleg treff med bøker og handarbeid i fokus.

LES MEIR S. 9



## Attraktivitet og folkevekst

Ei av dei store utfordringane for distrikta er folkevekst. Folkeveksten i landet har vore vesentlig større enn den over tid til dømes har vore i Sogn og Fjordane og i Naustdal Kommune.

For at ei kommune skal kunne yte gode velferdstenester må den ha inntekter. Overføringane frå staten til kommunane er mellom anna avhengig av folketalet i kommunen. For å behalde overføringane frå eine året til det neste er kommunane avhengig av å ha folkevekst på linje med landet. Stagnasjon i folketalet er det same som mindre overføringar frå staten. Folkevekst er målsetting for alle kommunar men, trass desse målsettingane så er trenden i landet i dag at det er ein "flyttestraum" av folk frå nord til sør og frå vest til aust. Men, vi har nokre gode vekstområder også på vestlandet som til dømes Stavanger, Bergen, Kristiansund osv.

Ei av dei store utfordringane i fylket vårt er at om lag 2 av tre ungdommar flyttar ut etter endt utdanning. Dei finn seg gjerne godt betalte jobbar i overfornevnte vekstområder. Dette gjer at skal vi lykkast med folkevekststrategien så må attraktiviteten aukast. I dette ligg det mellom anna at bu og arbeidsområdene må verte større slik at vi kan få ein endå større arbeidsmarknadsintegrasjon enn det vi har idag.

På fylkesnivå arbeider dei no med ei verdiskapingsplan der ei av målsettingane er å skape folkevekst.

dette er viktig for oss. Det er og viktig å ha med seg at skal ein få eit framtidig vekstområde, ein motor for framtida, så må ein ha eit bu og arbeidsområde helst på 50.000 innbyggjarar.

Bakgrunnen for dette er alle fordelane eit større bu og arbeidsområde har. Ein av desse er at lønsnivået aukar med veksande størrelse på bu og arbeidsområde. Dette er då sjølvstg ein viktig drivar når det gjeld å bygge attraktivitet og det å få behalde ungdommen i fylket.

Internt i ein region er det og viktig å være attraktiv for å tiltrekke seg nye innbyggjarar.

Med dette som utgangspunkt er det viktig å ha attraktive grender og kommunesenter. Ser ein på attraktiviteten kommunane imellom så er mellom anna velfungerande kommunesenter avgjerande for om ein vil lykkast med folkeveksten.

Ei av utfordringane for Naustdal sentrum er trafikktryggleik for mjuke trafikantar grunna stor biltrafikk på riksveg 5. I denne samanhengen er det viktig at ein har trygg infrastruktur for barn og unge som skal bevege seg frå den eine delen av sentrum til den andre. Foreldre må være trygge for at barna kan gå eller sykle i sentrum utan å måtte krysse trafikkfarlege vegar. Difor er ei gangbru over elva i Naustdal sentrum viktig.

Den store trafikkauken på Rv5 dei siste åra er det som skaper trafikkutfordringa og det er etter mi meining då sjølvstg at storsamfunnet og tek kostnaden med å løyse utfordringane dei påfører oss. Difor må realisering av trafikktryggingstiltak i Naustdal sentrum

betalast med eksterne midlar som bompengar gjennom Førdepakken og gjennom bevilgning av pengar i NTP-Nasjonale transportplan. For å kunne være del av ei bompengefinansiering så må det som heiter "nytteprinsippet" være ivareteke. Skal ein krevje bompengar av bilistar så må dei og ha nytte av tiltakene som vert gjort. Naustdal sentrum ligg utanfor innkrevingsområdet til Førdepakken, men vi har mange bilistare som skal til Florø eller som kjem frå Florø som vil ha god nytte av betre trafikksikkerheit i sentrum av Naustdal. Difor er det no viktig at vi får endra innkrevingsområdet for Førdepakken til og å gjelde Naustdal sentrum. I SIS- "regionrådet" vårt - har vi fått eit vedtak som støttar dette og støttar Naustdal Kommune i at gangbrua i sentrum i Naustdal kan finansierast gjennom Førdepakken. Dette er eit viktig vedtak då Førdepakken har bompengefinansiering på prosjekta som er med i tiltakspakken på opp mot 60-70 % av kostnaden. Med finansiering gjennom Førdepakken og med tillegg av NTP så vil vi kunne realisere gangbruoprojektet med nevnte eksterne midlar.

Av andre tiltak i sentrum, der ein ikkje kan vise til nytteprinsippet, må kommunen betale kostnadane. Når det gjeld investeringar i kommunal regi så må Naustdal Kommune sin investeringskapasitet no prioriterast brukt til opprusting av skulen i sentrum - NBU. Kommunen har fått pålegg frå arbeidstilsynet som krev utbetring av spesialromsfløyen på denne skulen. Dette er kostbare investeringar men, dette er og ei investering som vil være med å auke attraktiviteten til kommuna vår og, håpar

vi, gjere at folk som allereie bur i kommunen vel å fortsette å bu her i tillegg til at vi får mange nye innflyttarar til Naustdal.

Helsing

Håkon Myrvang  
ordfører



### **Informasjon om eigedomsskatt for skatteåret 2014:**

Med heimel i eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert eigedomsskatten vidareført i 2014, i heile Naustdal kommune.

Eigedomskattesatsen vert sett til 7 promille.

For bustaddelen i eigedomar som ikkje vert nytta til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr. 100.000,- av takstverdien.

Nye bustader vert fritteke for eigedomsskatt i 5 år, ref. eigedomsskattelova § 7c). Ordninga gjeld for nye bustader som er ferdigstilt etter 01.01.2011.

Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar 15/2, 15/5, 15/8 og 15/11. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen sine skattevedtekter nyttast.

Vedteke i kommunestyret den 19.12.2013, sak 067/13.

**Lovendring:** Det er no vedteke endringar i Lov 1975-06-06 nr. 29; Lov om eigedomsskatt til kommunane (Eigedomsskattelova), som tråtte i kraft frå 01.01.2013. Overgangsreglane er no erstatta av ei lovendring gjeldane f.o.m. skatteåret 2013.

**Klagerett:** Eigedomsskatten er skriven ut på grunnlag av tidlegare fastsett takst, på grunnlag av endringar og/eller takst for nyoppretta eigedomar. Frå 2013 er eigedomsskattelova endra slik at det er innført årleg klagerett. Det kan klagast på den utskrivne eigedomsskatten dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare år, jf. eigedomsskattelova § 19 første ledd. Ei eventuell klage skal sendast skriftleg til Naustdal kommune, Postboks 43, 6806 Naustdal, **innan seks veker** frå utlegging (1.mars).

Utlegging av skattelite for eigedomsskatt 2014 vert kunngjort i avisa Firda, og lagt ut til offentleg ettersyn i 3 veker frå 01.03.2014. Skattelite for eigedomsskatt 2014 vert tilgjengeleg på Kommunehuset/Servicekontoret, biblioteket og på heimesida [www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no) frå 01.03.2014.

Uavhengig av klagerett, vil opplysningane om eigedomen- som areal og liknande. – bli vurdert og retta dersom desse er feil. Dersom de meiner at noko bør rettast, kan De melde dette skriftleg til Naustdal kommune.



## Planstatus

### Naustdal har størst vekst i fylket

Dei siste tala frå SSB viser at Naustdal hadde størst vekst i fylket i 2013 med 2,3 % (+63 personar). Langsiktig politisk arbeid med ny veg til Sæla og nye store byggjeområde i sentrum og Sæla gjev resultat, saman med utbyggjarar som tek i bruk potensialet i dei kommunale planane.

Blokkene i Brunene, Mallasvika og Hotellhagen gjer at fleire flyttar tidlegare frå einebustaden sin og inn i meir praktiske blokkleilegheiter, slik at barnefamiljar får tak i einebustader. Blokkprosjekta gjer det også enklare for unge å komme seg inn på bustadmarknaden. Dette gjer Naustdal attraktiv i bustadmarknaden.

Tal nyfødde på 37 i 2013 gjev også eit godt bidrag til veksten. Dette er eit høgt tal samanlikna med dei siste åra.

Folkeveksten i ein liten kommune kan variere mykje og må sjåast over fleire år før ein kan vere sikker på trendane. For Naustdal sin del vil det vere svært positivt om ein i snitt kunne ligge på 30 til 40 nye innbyggjarar årleg (ca 1%).

### Nytt forretningsbygg ved Sanden

Den private reguleringsplanen vert lagt fram til slutthandsaming i utval for plansaker 6. mars og kommunestyret 20 mars.

### Gang- og sykkelvegbru over Nausta

Den kommunale reguleringsplanen vert lagt fram til slutthandsaming i utval for plansaker 6. mars og kommunestyret 20. mars.

### Områdeplan for Sæla – kjerneområda i fjordlandsbyen

Områdeplanen vart godkjent i kommunestyret 12. desember 2013. Planen omfattar 9 ulike byggjeområde der ein samla kan byggje mellom 200 og 300 bustadeiningar og over 100 båt plassar.

### NBU rehabilitering

Denne vinteren har det vore jobba intenst med utforming av nytt spesialromsbygg og nye læringsareal for elevane våre. Dette inkluderer også uteområdet. Forprosjektet er no ferdig og vert lagt fram til politisk handsaming og godkjenning i løpet av mars. Investeringsbehovet er stort og det vert eit krevjande øving å finne det

økonomiske handlingsrommet som ein treng for å realisere planane. Det er naudsynt å komme i gang med arbeid på ny spesialromsfløy i 2014.

### **Lunden rehabilitering**

Rehabilitering av Lunden er godt i gang og vil stå klart til nytt barnehageår. Lokala vil då være pussa opp og det er bygd ei ny avdeling. Som eit tillegg til prosjektet vil det også bli gjort ny ras sikring av området og uteområde vert større.

Kommunestyret skal i mars ta stilling til om ein skal bygge «råbygg» for 6 avdelingar, når ein først er igang.



### **Prosjekt Helsefremjande Eldre i Naustdal**

I februar starta prosjektet «Helsefremjande Eldre i Naustdal», eit prosjekt vi har fått tilskot frå Helsedirektoratet for å drive. Målet er å komme i dialog med, og få ein oversikt over, dei heimebuande eldre i kommunen, samt komme i gang med utvikling av helsefremjande tilbod og auke aktiviteten i denne gruppa.

I praksis vil dette sei at vi vil gjere ei kartlegging av dei heimebuande eldre i Naustdal. Vi vil sjå på kva vi kan gjere for å leggje til rette for tilbod på dagtid, som kan motivere og hjelpe heimebuande eldre til å ta vare på helse si, og meistre aldersrelaterte forandringar – både fysisk, psykisk og sosialt.

Oddlaug W. Kvame er tilsett som prosjektleiar i 50% stilling. Vi har og ei prosjektgruppe med medlemmer frå psykiatriteneste, open omsorg, folkehelsekoordinator, frivilligsentral,

pensjonistlag, eldreråd, seniordans, støttegruppa og talsperson for sjukeheimen. Vi er endå heilt i oppstarten, men gleder oss til å ta fatt på arbeidet, og kjem med meir informasjon etter kvart som arbeidet går framover. Ta gjerne kontakt om det er spørsmål eller innspel. Oddlaug W. Kvame, tlf.nr.: 977 55 210 e-post: oddlaug.kvame@naustdal.kommune.no.



### **STIPROSJEKTET «OVER STOKK OG STEIN» I NAUSTDAL**

*Henning Malones*

Stiprosjektet «over stokk og stein» er no komen i slutfasen. Arbeidsoppgåver som gjenstår er i hovudsak å gjere ferdig kartarbeidet og å tinge og sette opp informasjonstavler på startpunkta til turane.

Vil du fylgje oss nærare på framdrifta så finn du oss på facebookside : Merka turstiar i Naustdal.

Har du fine bilete frå turane som det kan passe å få inn på informasjonstavlene så legg dei inn på denne facebookside.

Nedanfor finn du ein oversikt over kor mange som har skrive seg inn i bøkene som for dei fleste turane sin del vart lagt ut i slutten av juni 2013. Vinnarane av gåvekort for det enkelte turmål står også oppført her.

Vi gratulerer vinnarane og godt nytt turår i 2014 !



**STIPROSJEKT OVER STOKK OG STEIN 2013- OVERSIKT OVER TAL BESØK –  
VINNARAR AV GÅVEKORT**

Turmål rangert etter tal besøk	Tur nr.	Bok avlest pr.	Antal besøk	Vinnar av gåvekort	Adresse
Nr.1: Steinkorsen	3	31.12.2013	529	Oddvin Kringlen	Naustdal
Nr. 2: Smådalsnipa	7	17.11.2013	395	Marit Stuhaug	Naustdal
Nr. 3: Vindkjegla	1 og 4	31.12.2013	338	Liv Janne Bell Jonstad	Førde
Nr. 4: Grimsetstølen	12	31.12.2013	306	Oddbjørn Aase	Naustdal
Nr. 5: Svistølen	14	15.12.2013	166	Gunn Elisabeth Hukset	Naustdal
Nr. 6: Blånipa	2	31.12.2013	152	Britt Kristin Mjellem	Hyen
Nr. 7. Blåfjellet	5 og 6	31.12.2013	138	Åse Rygg	Naustdal
Nr. 8: Sandfjellet	10	31.12.2013	117	Audun Kidøy	Førde
Nr. 9: Bolteheia	13	31.12.2013	100	Synnøve Horstad	Naustdal
Ne. 10: Naregga	15	30.11.2013	84	Ragnhild Enersvold	Naustdal
Nr. 11: Trodalsstranda	9	31.12.2013	38	Gro Haugnes	Florø
Nr. 12: Nordvikstølsvatnet	11	30.11.2013	24	Aud Malene Håland Einefors	Naustdal
Nr. 13: Varlivatnet	8		?	Postkasse nedsnødd pr. dato	
Sum:			2387		

Frå Nordvikstølen tur nr. 11



## FELLINGSRESULTAT HJORTEJAKTA 2013 – NAUSTDAL KOMMUNE

Henning Malones

Fellingsresultatet syner at det er felt 467 dyr under hjortejakta i Naustdal i 2013.

Dette er ein auke på 60 dyr samanlikna med 2012.

Det er berre i 2009 ( 497 dyr ) og i 2010 ( 486 dyr ) det har vore felt fleire dyr under hjortejakta i kommunen. Fellingsresultatet saman med tala for vårteljning og sett – hjort registrering indikerer ein svak auke i hjortestammen.

Tala for det enkelte jaktvald / storvald finn ein i tabellen nedanfor :

VALD	TILDELT	KALV HAN	KALV HO	1 1/2 HAN	1 1/2 HO	ELDRE HAN	ELDRE HO	SUM	FELLINGS %
HORNE	6	1	1	1	0	1	2	6	100
KVELLESTAD	10	0	2	2	2	2	2	10	100
SELJEVOLL / APNESET	11	0	2	2	2	0	1	7	63,6
VEVRING STORVALD	106	5	4	24	27	15	19	94	88,7
MIDTRE NAUSTDAL STORVALD	148	15	11	33	26	22	12	119	80,4
HORSTAD OG SOLHEIM STORVALD	40	4	1	13	8	5	5	36	90
NAUSTEDALEN NORDSIDE STORVALD	85	8	8	13	11	8	12	60	70,6
INSTEDALEN STORVALD	50	2	2	4	7	3	2	20	40
SØRSIDA STORVALD	55	1	5	7	7	5	10	35	70
NEDRE SØRSIDE STORVALD	105	12	10	17	21	8	12	80	76,2
SUM TOTALT	616	48	46	116	111	69	77	467	75,8

## KULTURNYTT

### Vil du stille ut dine handlaga produkt?

I resepsjonen på Kommunehuset har Naustdal kommune eit utstillingsskap for framsyning av arbeidet til lokale kunsthandverkarar og hobby-produsentar.

Kontakt Eirik og Janne i skranken om ynskjer å stille ut:

57 81 61 00 /

[postmottak@naustdal.kommune.no](mailto:postmottak@naustdal.kommune.no)

### AKTIVITETSMIDLAR

Søknadsfrist aktivitetssmidlar og Den kulturelle spaserstokken 15. mars 2014.

Sjå

[www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no)

# MUSIKKIBINGEN RIFFEN



DET ER LEDIGE ØVINGS-  
TIDER I MUSIKKIBINGEN  
RIFFEN VED NAUSTDAL  
BARNE- OG  
UNGDOMSSKULE!

Du må ikkje spele i band allereie for å søkje! Men det er ein fordel om du har basisferdigheiter på instrumentet ditt.  
Medlemskap kostar 250 kroner per halvår for ungdom (til og med 19 år) og 500 kroner for vaksne.

Søknadsskjema og meir informasjon på  
[www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no)

## VIL DU GJERE NOKO UTE SAMAN MED VENER?

No kan du låne/leige utstyr til aktivitetar som fotball, volleyball, badminton, fiske, aking, skateboard, turar og overnatting i skog, i fjell og ved fjorden ved Rampen Ungdomsklubb. I tillegg kan klatresko lånast i buldreveggen i gamle-bassenget ved NBU.

For leige av det dyraste utstyret må det betalast eit depositum. Også familiar og lag/organisasjonar kan låne utstyret i nokre timar eller over fleire dagar.

**Gå ned på Rampen ungdomsklubb, ring eller send e-post for å låne/leige utstyr:**  
57 81 97 62 / [rampen@naustdal.kommune.no](mailto:rampen@naustdal.kommune.no)

## UTSTYRSENTRAL FOR UNGDOM



NAUSTDAL KOMMUNE



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



## Bok og handarbeids kafé på Naustdal bibliotek torsdag

20. mars kl. 18.00.

Midtre Sunnfjord husflidslag og Naustdal bibliotek ønsker velkommen til "Handarbeid og Bokkafé" på Naustdal biblioteket. Vi håper dette kan være starten på et uformelt månedleg treff med bøker og handarbeid i fokus.



Biblioteket i Naustdal har et godt utval av hobby og handarbeidsbøker. Her får du sjå og bla i de nyaste utgivelsane. Du kan og låne med deg heim om du tar med deg lånekortet ditt.

Ei av elevbedriftene på skulen sørgjer for kaffimaten, det blir lotteri og god prat. Du tar med deg strikkesøy, broderi eller noe anna du holdar på med om du har lyst. Velkommen til en trivelig torsdagskveld. Dette blir kjekt!

Med helsing Naustdal bibliotek og Midtre Sunnfjord Husflidslag

### Nye hobby bøker på biblioteket.

Khegay, Nuriya: Morsom strikk til små sjarmtroll.

Ree-Pedersen, Kristin Øye: Hekkans Hekkel

Sævik, Evelyn: Barnestrikk fra mørkeloftet

Trotzig, Eva: Varme votter og noen sokker.

Skogh, Cecilia: Moderne Kalligrafi

Boström, Lise-Lotte: Forny dine gamle møbler

## Konsertanmeldelse

### "consonanz a 4"

"consonanz a 4" er en solistkvarsett av fire profesjonelle sangere fra Hamburg og Bremen som har samarbeidet i flere år og utviklet seg i den tiden til et fremragende ensemble.

Wiltrud de Vries (Sopran), Annette Gutjahr (Mezzosopran), Bernhard Scheffel (Tenor) og Allan Parkes (Bass) synger alt som de er begeistret for. Det kan være originalverk for solistkvarsett eller musikkstykker som opprinnelig ble skrevet for store kor av for eksempel Liszt, Stravinsky, Rheinberger, Messiaen, Poulenc og Verdi.


De fire sangerne overrasker i konsertene sine med mange nyanser, intensitet og klangrikdom. Hver stemme har sin egen karakter og individuell klangfarge. I kvartetten vever stemmene seg sammen til en homogen klangkropp som har et mål: å gjøre musikken levende og å få tilhørerne til å lytte intenst.

Wiltrud de Vries, Annette Gutjahr, Bernhard Scheffel og Allan Parkes har opptrått i flere land. I tillegg til Tyskland har de vært i Frankrike, Spania, England, Kroatia, Norge, Sverige, Østerrike, Namibia og Sør-Afrika.

I mars er kvartetten på turne i Norge. Fredag 21. mars kl. 20 kommer "consonanz a 4" til Sunnfjord katedralen i Naustdal. Konserten heter "MARIA": med vokalmusikk a capella og vokalmusikk med orgelakkompagnement av Elgar, Liszt, Verdi, Carter, Messiaen, Poulenc og andre. Organist er Imke Schüren.

Velkommen!





**STØRST AV ALT**

## Trusopplæring i Naustdal:

### Leir for 5. - 7. klasse.

Leiren på Skilbrei blir i år 21. - 23. mars, og i år er det 10. gongen vi arrangerer leir. Info kjem i posten til alle i aktuell alder.

### Storsamling for dei minste:

**Tysdag 1. april!** Dette er ingen aprilspøk!

Gjensynstreff for alle tidlegare babysongarar 1.april kl 16-ca 17.30

på kyrkjelydshuset. Enkel middag først. Litt lek. Litt song. For å kunne planlegge måltid og program treng vi vite omtrent kor mange som kjem.

Meld dykk til :[Rigmor.froyen@naustdal.kommune.no](mailto:Rigmor.froyen@naustdal.kommune.no) eller 489 57 436.

### Påskefrukost og palmefest.

Palmesøndag, 13. april, kl. 09.00, er kyrkjelyden invitert til påskefrukost på kyrkjelydshuset, og kl. 11.00 samlast vi til gudsteneste i Naustdal kyrkje. Mellom frukost og gudsteneste vert det ulike aktivitetar for dei minste.

Bli du 5 år i år? Då vil du få ein invitasjon i posten.

### Har du DUPLO og LEGO til overs???

Vi har bruk for pent brukt Lego og Duplo til bruk i ulike aktivitetar for born i kyrkjelyden. Har du noko å gje bort? Ta kontakt med: Kyrkjekontoret, tlf. 57 81 82 40 eller Jenny Ødven Snildal, mob 99 27 99 55.

## Kyrkjelydshuset: Nybygget er teke i bruk.

Den 13.januar i år fekk vi førebels bruksløyve for huset. Mot slutten gjekk det helst smått med



framdrifta, tykte vi. Mange ting skulle falle på plass, så datoane for ferdig hus vart flytta fleire gonger.

Ferdigattest på huset får vi først når uteområdet er ferdig, og det reknar vi med vert i juni.

Men den 18. januar kunne vi opne dørene og invitere til fest med gratis kafé, snorklipping ved ordføraren og program. Over 200 menneske var innom og såg den nye salen i løpet av dagen, og vi følte ikkje at det vart trangt om plassen.

Det er ein dag vi vil hugse.

No har huset vore brukt til fleire arrangement, og det ser ut til å fungere godt. Og endå betre, reknar vi med, når alt er komme i orden.

Noko som mange ventar på no, er høgtalaranlegg og teleslynge. Det vert montert nokså snart.

Når det gjeld utsmykking vil vi vente noko med det, Vi må bruke huset ei stund før vi finn ut kva som kan passe. Derfor ventar vi også med gardiner.

Det har vore gjort veldig mykje dugnad i løpet av byggeperioden, og 4.februar inviterte byggenemnda til dugnadsfest. Då var vi samla ca. 70 personar, og vi fekk ein hyggeleg kveld. Både middagen (huset sin spesialrett, raspekaker) og programinnslag vart godt motteke.

Det er notert vel 1100 dugnadstimar. I det

ligg arbeid som rydding og riving, isolering, måling og vasking og ein del fagarbeid, helst innafør snikkarfaget. 80 timar med gravemaskin var også dugnad. Likeeins 400m<sup>3</sup> utskiftingsmasse som vi fekk svært rimeleg. I tillegg kjem dugnad utført av entreprenørane og arkitekt m.fl. Her har vi ikkje oversikt over timebruk.

Utan denne innsatsen hadde ikkje huset stått her i dag.

Så litt om økonomien. Då teikningane låg på bordet, var det sett opp ein førebels kalkyle på 3.6 mill. Det viste seg at dette ikkje heldt. Ein seier at vegen vert til mens ein går han. Slik også her. Det kom både forventa og uventa kostnader til. I dette overslaget var ikkje utgraving av tomta med. Og det vart mykje meir omfattande enn venta. Heller ikkje ombygging av kjøkkenet og samanbygging av eksisterande bygg og nybygg var lett å kostnadsrekne på førehand. For varme - og ventilasjonssystem vart det valt meir omfattande løysingar enn først tenkt, men då meir økonomisparande og framtidsretta.

Bygget vart reist på anbod fordi det vart for vanskeleg å ta på dugnad. Likeeins støyping pga. krav til radonsikring. Dermed steig kostnadene.

Med det som no er gjort, er prosjektet komme opp i 5.2 mill.

Men dette greier vi. Eigenkapitalen (gåver, tilskot oppspart kapital og driftsinntekter i byggeperioden) vart større enn først rekna med. Styret fekk løyve av årsmøtet å ta opp eit ekstra lån på 1 mill. i tillegg til det første lånet på 1.5 mill. Med dette greier vi meirkostnaden.

Men så var vi så heldige at vi etter søknad til fylkeskommunen, fekk 1 mill. i tilskot til det som heiter lokale kulturbygg. Med denne millionen har vi tenkt å betale ned så mykje som mogeleg av det lånet vi måtte ta opp ekstra.. Det vil lette svært mykje på drifta av

huset, og ein kan dermed tilby betre tenester for bygda.

No har vi fått eit moderne og praktisk hus, eit bygg som svarar til den behovsanalysen ein kom fram til før ein starta planlegging av nytt bygg.

Det som står att no og som vil gje overskriding i høve til kalkylen på 5.2, er uteområdet som er nemnt tidlegare. Fortau mot gata er kostnadsrekna til ca. 100 000. Parkeringsplass og tun bak huset kjem på ca. 180 000. Dessutan er ikkje lyd og lysanlegg med i den nemnde kalkylen. Dette vert i første omgang betalt av tilskotet frå fylket.

No står huset her og vi kan ønskje oss til lukke alle saman. Det har vore eit samarbeidsprosjekt frå første stund. Vi som har leia arbeidet, har følt at vi heile tida har hatt den støtta vi trong. Og vi vonar at vi framleis kan arbeide saman om kyrkjelydshuset. No i starten håpar vi at gåvekontoen vert brukt, og at fleire melder seg til fast gjevarteneste. Dugnad vil det alltid vere bruk for.

Så vil vi nytte høvet til å minne om den årlege basaren for Kyrkjelydshuset. Då har vi bruk for gode gevinstar, loddseljarar og at bygdefolket støttar opp. Basaren vert i år **laurdag 26. april**, og sjølv sagt i den nye salen.

Til slutt vil vi seie:

**No har vi fått huset. La oss ta det i bruk og fyll det med positiv aktivitet for alle. For born, ungdom, voksne og eldre.**

Naustdal, 21.02.2014.

Styret for Naustdal Kyrkjelydshus.



## **Nytt Kyrkjelydshus og utsmykking.**

Det er framleis ein god del arbeid som står att både inne og ute før nybygg og utbetring av gammalt bygg er heilt ferdig. Difor er spørsmålet om utsmykking av nysalen ikkje tema enno og styret bed om forståing for dette. Vi tek difor ikkje imot bilete, kunst eller anna no før alt anna er på plass. No fokuserar vi på å få alt teknisk ferdig. Å få innventar og driftsplanar klare, og å få god oversikt over byggerekneskapen før vi om sider kan kome til utsmykking. Vi ynskjer og å bruke lokala ein stund for å sjå kor det kan høve seg med utsmykking så vi ikkje forhastar oss.

Takk til alle som har vore med så langt, til alle som ynskjer å bidra, og velkomen til å vere med på dugnadar ut over våren og til god deltaking på basaren vår.

Helsing Styret  
Naustdal Kyrkjelydshus



## **GEVINST TIL BASAR-BOK**

Laurdag 26.april 2014 er det basar til inntekt for Naustdal Kyrkjelydshus.

No har vi fått nytt flott hus. Dei siste åra har over kr.90.000 kome inn på basarane våre. Dette er vi svært takknemlig for. Takk for all givarglede, og takk til alle som har gått frå hus til hus med basarbøker.

Er det nokon som har noko dei vil gje / eller lage til gevinstlista som skal vere i loddbøkene dette året?  
Kontakt leiar i styret for kyrkjelydshuset:  
Stein Oltedal 97 00 86 00



BØSSEAKSJON FOR KIRKENS NØDHJELP  
SØNDAG 6.APRIL NAUSTDAL OG VEVRING  
Konfirmantane sin årlege innsamlingsaksjon for Kirkens Nødhjelp. Ha kontantane klar og gje di gåve når konfirmantane ringjer på di dør! For 100 kroner kan du sikre 50 nødhjelpsrasjonar til katastroferamma. Det er like mykje som ein Norvegiaost. For 200 kroner kan gje éitt menneske sikker tilgang til reint vatn. Det er like mykje som ei T skjorte. For 1000 kroner kan du sørgje for at éin landsby får ei vannpumpe, som er omtrent éin bilvask og full bensintank.

Ta vel imot bøsseberarane!



## Onsdag 9. april kl. 19 i Naustdal kyrkje

Salmekveld med Påske- og Sommersanger fra den nye salmeboken."



NAUSTDAL  
FRIVILLIGSENTRAL



### Ein-til-ein – tenester.

"Ein-til-ein – tenestene" er tilbod om hjelp til ulike gjeremål som du vanlegvis greier sjølv, men som du på grunn av sjukdom, alder eller funksjonshemming kan trenge hjelp til.

Arbeidet er gratis, mot at du betalar for nødvendige utgifter som t.d. bensinutgifter. Vi ringer tilbake om kven som kjem, slik at du ikkje får "uvent" besøk.

*Eksempel på teneste du kan få hjelp til:*

Handle varer. Kjøring i diverse ærend.

Følgjeteneste. Småreparasjonar.

Turvenn/besøksvenn.

Snømoking/hagearbeid. Råd/retteleing.

Skriving av brev/kort.

### Måndagskafè.

Kafè i 1.etg. på Kyrkjelydshuset kl 10.30 – 14.00 kvar måndag med kaffi/te, vaflar og smørbrød.

### Foreldre-/barn-treff.

Annakvar måndag på Kyrkjelydshuset kl 10.30 – 14.00.

Treffet er flytta til ein av dei nye salane i 1.etg. Vi har leikematte, litt leikar og bøker. Alle foreldre med born,

fortrinnsvis i alderen 0-1 år, er hjarteleg velkomne! Det er høve til å kjøpe kaffi/te, smørbrød og vaflar i kafèen. Datoar for treff utover våren: 17.mars, 31.mars, 28.april, 12.mai, 26.mai.



### Sosialt samvere på Nillestova.

Kvar tysdag og torsdag kl.10.00-14.00 på Nillestova. For alle pensjonistar og eldre i kommunen. *Kvar gong er det:*

”Føremiddags-kaffi” med nysteikte vaflar, trim, sosialt samvær, høve til å kjøpe middag. *Enkelte gonger er det:* Framsyning av film/bilete på



storskjerm, bingo, «vi syng i lag», eller seniordans. 3-4 frivillige medarbeidarar er med kvar gong. Deltaking på Nillestova kostar kr.40,- pr. gong, middag kr.65,-, bingo kr.10,-. Treng du skyss til / frå, ta kontakt med Frivilligsentralen.

### Seniornett Naustdal.

Dataklubb for seniorar 55+ i 2. høgda på Kyrkjelydshuset kvar fredag kl 10.00-12.30. Velkomen til ei hyggestund i lag ved datamaskina! Heimeside:

[www.seniornett.no/seniornett/lokalklubb/sogn\\_og\\_fjordane/naustdal](http://www.seniornett.no/seniornett/lokalklubb/sogn_og_fjordane/naustdal)

### Torsdagskafè på kyrkjelydshuset.

Torsdagskafèen er open kl 10.30 – 12.30. Naustdal Sogelag er med kvar gong med framsyning av gamle bilde frå Naustdal på storskjerm. Sogelaget ynskjer å kopiere bilde til oppbevaring for ettertida, og tar i mot gamle bilde til kopiering. Serviceskyssen kan nyttast frå Dalen. Hugs påmelding til drosja dagen før!

### Fredagskafè på kyrkjelydshuset.

Fredagskafèen er open kl. 10.30 – 12.30. Som oftast er Anna Sæla i kafèen med sal av heimelaga tradisjonsmat som potetkaker, natronkaker, kringle, lefse m.m. Serviceskyssen kan nyttast frå Fjorden. Hugs påmelding til drosja dagen før!

### Strøsand til eldre.

Eldre/uføre kan hente sand på kommunehuset på kvardagar kl 08.00 – 15.15. Spann med sand er plassert i gangen inn til kommunehuset. Dei som treng hjelp til å hente sand og/eller til strøing, kan ta kontakt med Frivilligsentralen. Sanden er gitt av Stein Torald Vonen. Vi ber om at du


leverer spannet i retur, evt. at du tar med eige spann og tømmer sanden over.

### Lokal transport for ungdom.

Naustdal Ungdomsråd, i samarbeid med Frivilligsentralen, har etter søknad fått midlar frå Sogn & Fjordane Fylkeskommune til drosjerute frå Fjorden og Dalen til Rampen Ungdomsklubb **kvar fredag**. Målgruppa er ungdommar 13-19 år. Rutene går frå Horne og Svoa/Fimland kl 17.30. Retur frå Rampen kl 23.15.

**Påmelding** på Facebook eller sms til frivilligsentralen 90744075 **før kl 20.00 kvelden før**. Du må oppgje namn og adresse (kvar du vil gå på ruta) og om du skal vere med tur/retur eller berre ein veg. Ruta går ved minimum 3 påmelde. Pris kr 30,- tur/retur.

### Barnas Turlag Naustdal.



For å vere med på tur er det berre å møte fram! Det er inga påmelding. Har de spørsmål, ta kontakt med turleiar. Alle born skal ha følge med vaksne. Ta med mat og drikke, og kanskje litt ekstra kle. Det er ikkje krav om å vere medlem av turlaget, men ein kan melde seg inn viss ein ynskjer til kontoret i Førde eller på internett. Meir info om turane kjem på «Det skjer» i Firda, plakatar, [www.istur.no](http://www.istur.no) og Barnas Turlag Naustdal på Facebook.

**Søndag 16.mars: Skitur: Bonstølen – Frammarsvikstølen, vidare til Blåfjellet for større born.**

**Parkering /avgang: Øvrebø kl 10.00**

**Turleiar:** Ludvik Slettehaug, tlf 99 15 10 26

**Søndag 6.april 2013: Isfisketur på Vonavatnet / Nesvatnet i samarbeid med Jakt- og Fiskelaget.**

**Turleiar:** Siss-May Edvardsen, tlf 95 29 01 14.

## **Ungdommens Kulturmønstring 2014.**

Det er felles mønstring for Naustdal og Førde i Førdehuset laurdag 1.mars kl 16.00.

## **Årsmøte 2014**

Det blir Årsmøte i Naustdal Frivilligsentral tysdag 25.mars kl 19.00 i kommunestyresalen. Frist for innsending av saker: 15.mars. Vanlege årsmøtesaker og enkel servering.

## **Sanden-Søndag 2014.**

Sanden-Søndag blir i år **søndag 24.august**. Vi oppfordrar frivillige lag i Naustdal til å bidra med aktivitet! Dette er ein god sjanse til å marknadsføre laget og verve nye medlemmar!

## **Kan du tenkje deg å bli med i Frivilligsentralen?**

### ***Ta kontakt!!***

Som frivillig bestemmer du sjølv:

- *kva du vil gjere*
- *kor tid du kan bidra*
- *kor mykje tid du vil bruke*

Du inngår ingen langsiktig avtale, synest du det er givande held du fram.

Eventuelle utgifter med arbeidet vil bli dekkja.

Vi har årleg festleg samkome for dei frivillige medarbeidarane våre i november, og om

våren arrangerer vi hyggjeleg dagstur.

### **Naustdal Frivilligsentral:**

Kontor: 2.etg. på kommunehuset.

Kontortid: Måndag - fredag 8.00-15.30.

Tlf: 57 81 61 44 / 90 74 40 75

E-post:

[frivilligsentralen@naustdal.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@naustdal.kommune.no)

Postadr.: Naustdal Frivilligsentral,

Postboks 43, 6806 Naustdal

Heimeside: [www.naustdal.frivilligsentral.no](http://www.naustdal.frivilligsentral.no)

Torill Hukset, dagleg leiar.

.....

## **Serviceskyssen i**

### **Naustdal:**

**Er som EI VANLEG BUSSRUTE, for alle aldersgrupper!**



Ruta blir utført med taxi, og kostar **kr 15,- kvar veg**. **Meld deg på til Naustdal Taxi, tlf. 97 74 70 70, seinast kl. 20:00 dagen før ruta skal gå**. Dette for at drosjeeigar skal vite kvar han skal køyre, og kunne planlegge kor stor bil som må nyttast.

### **Serviceskyssen går på desse dagane heile året, unnateke "raude dagar":**

#### **Onsdagar:**

**Sentrumsområdet – Naustdal sentrum**

Start Helgås kl 10.00- tar med passasjerar i byggjefeltet – Naustdal sentrum ca kl 10.30. Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Helgås ca kl 13.30.

#### **Torsdagar: Dalen – Naustdal Sentrum**

Start Svoa kl 09.30 - Slettemark–Ullaland–Byrkjeflot–Åse–Naustdal sentrum ca kl 10.30.

Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Svoa ca kl 14.00.

#### **Fredagar: Fjorden – Naustdal sentrum**

Start Horne kl 09.30–Vassbotnen–Helle–Naustdal sentrum ca kl 10.30.

Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Horne ca kl 14.00.

### **RUTER SOM GÅR I TILLEGG TIL DEI FASTE RUTENE:**

#### **Ruter til møter i pensjonistlaget:**

**Rute 1:** Horne kl.13.30–Naustdal. Retur kl 18.30.

**Rute 2:** Svoa kl.13.15–Naustdal. Retur kl 18.30.

Dei fleste møta i pensjonistlaget er kl. 15.30 – 18.30.

**Ruter til Seniortreff på Fjordbutikken:**

**Siste torsdag kvar mnd.**

Start Horne kl. 13.00 – Vevring – Redalen – Stopp Vevring kl.14.00.

Retur frå Vevring kl. 17.00.

**DET ER VIKTIG AT SERVICESKYSSEN  
BLIR BRUKT FOR Å FÅ BEHALDE  
DEN!**

Har du spørsmål om skyssordninga kan du ringe det same nummeret, **97747070**, eventuelt til **Frivilligsentralen tlf. 57816144**, eller **service-kontoret på kommunen, tlf. 57816100**.

Serviceskyssen er eit samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune som bidreg med tilskot til ordninga.

\*\*\*\*\*

**Open Kafè på Kyrkjelydshuset:**

Måndag : 10.30-14.00

Onsdag: 10.30-16.30 Sal av raspeballar frå kl 12.00.

Torsdag: 10.30-12.30

Fredag: 10.30-12.30

Laurdag: 11.00-15.00

**Kafé-vertar:**

Naustdal Kyrkjelydshus

”Onsdagskafèen”

Frivillige organisasjonar i Naustdal

Frivilligsentralen

\*\*\*\*\*



Skriftstyret er godt i gang med årets sogeskrift. Vi oppfordrer dykk til å gå gjennom skuffer og skap etter skrifter som dei eldre har skrevet. Her ligg det mykje som kunne vorte ein artikkel til glede for andre. Skriftstyret ynskjer å kopiere slike skriv. Finn du bilder eller helst negativet, ynskjer vi kopi. Ikkje kast bilder, gje dei til oss. Vi er å finne på kyrkjelydshuset kvar Torsdag der vi syner bilete på storskjerm.

Har du tips til artiklar, eller er du ein skrivar sjølv, da ringer du Odd Byrkjeflot tlf. 99060016 eller send mail til [post@naustdalsogelag.no](mailto:post@naustdalsogelag.no)

Medlemar får kjøpe bøker og sogeskrift i banken til medlemspris. Ynskjer du å bli medlem ringer du overnemnte nr.

Heimesida til sogelaget er under fornying. Men den fungerer fortsett og det ligg over 600 bilder i Fotoalbumet.

Helsing Skriftstyret

Ring Odd Byrkjeflot, tlf. 996 13 190.  
E-post: [post@naustdalsogelag.no](mailto:post@naustdalsogelag.no)



### «Sara har levd eit langt liv.»

Skriftstyret ynskjer artikkelen DIN i neste sogeskrift. Det er ein skribent i oss alle. Kjenner du "ein Sara" eller noko anna som har med fortida i Naustdal å gjere, så tak kontakt med skriftstyret på tlf. 90060016 Odd Byrkjeflot eller 91102936 Hallstein Erdal. Vi ynskjer tips til neste sogeskrift.


Torsdager kl. 1030 til 1230 er sogelaget til stades på Kyrkjelydhuset i Naustdal sentrum. Her blir det synt gamle bilete frå Naustdal til diskusjon og namnsetjing. Tak med dine gamle bilete so at vi kan kopiere dei og samle dei i Naustdal store fotosamling. NFS. Vi treng fleire "nyare" bilete frå 60 – 70 Åra.

Sjå heimesida til Sogelaget.

( [www.naustdalsogelag.no](http://www.naustdalsogelag.no) ). Her er lagd ut 350 bilete i under "FOTOALBUM" Du kan bla i bileta og skrive inn dine opplysingar om bilete. Er du flink på data treng vi hjelp med å oppdatere sida.

Det er snart Årsmøte i sogelaget. Følg med i Firda eller heimesida for tidspunkt

Skriftstyret ynskjer hjelp til sogeskriftet! Vi treng personar med idéar som vi kan gå vidare med. Ta gjerne for deg eit menneske som du kjenner historia til. Har du eit godt bilete, treng ikkje historia vere lang. Vi i skriftsstyret er hjelpsame med å gjere ferdig det du skriv/kladdar!



### Årsmøte:

Sandens Venner held årsmøte måndag 24. mars 2014 kl 19.30 i Kommunestyresalen.

Vanlege årsmøtesaker. Dersom du har ei sak vi skal ta opp på årsmøtet må du melde denne til styret v/Trond Falkenstein innan 9. mars 2014.

Vi ønskjer alle velkommen.  
styret



## Naustdal Mållag Årsmelding for 2013 Utdrag

Siste statistikken frå Noregs Mållag 22.01.14 viser at vi er 60 medlemmer i Naustdal. Medlemstalet er stabilt.

**Styret** i 2013: Arne Kleiva (leiar), Berit Ekerbakke, Harald J. Runde, Inger Auflem, Olvar Engebø. Utsending til S. og Fj. Mållag sitt årsmøte på Skei var Arne. Arne møtte òg på landsmøtet, for S. og Fj. Mållag saman med leiaren Aud Lunde.

### Aktivitetar:

Noregs Mållag reiste landet rundt med "Nynorskstafetten", som markering av Ivar Aasen 200 år. Førde Mållag saman med Berit Ekerbakke arrangerte møte på Hafstad vgs., for om lag 100 elevar. Berit er lærar der.

5. august: Ivar Aasen 200 år. Besøk omkring i kommunen, med ballongar, is og materiell.  
25. august Sandensundag.

Lesarinnlegg i Firda, før valet i september, om Høgre og målsak.

19. september Møte med biblioteket og Janne Støylen, frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, og Erna Osland, forfattar, om barnebøker på nynorsk.

Bokkveld søndag 24. november, Øyrane vgs., saman med Førde Mållag. Fullt hus, over 100 frammmøtte.

Hovudtalar var Ottar Grepstad frå Nynorsk kultursentrum, med sine to bøker "Historia om Ivar Aasen" og "Språksansen". **Lesarprisen** i Naustdal, kr 500,- gjekk til Aurora Mariussen. Vi gratulerer!

I 2013 var overskotet på om lag 5000,- på kvart lag. Takk til alle som bakte kaker og medverka!

Desember: Boknissane hadde samlingsstund med Ivar Aasen og morsmål i barnehagane i Naustdal og Vevring. Kjersti og Inger fann gode tilbod og laga julepakkar. I år vart det om lag 70 bøker tilsaman.

Stadnamn: Vi har kommentert for kommunehuset aktuelle namn, det gjeld Bakstudalen, Reina og Flatene. Utgreiinga om Reina, skriven av Bjarte Erdal, er også med i sogelaget sitt årshäfte.

Inge Eiksund oppmoda sogelaget og oss om å setje i gang innsamling av ord og uttrykk frå Naustdal, i samsvar med intensjonen frå møte i 2000. Joar Stegane har samla planar og mønster frå kultur- og arkivinstansar, desse har Jens Vestrheim teke i bruk, og han er i gang med innsamling.

Vi støtta "Kyra" til Oddvar Torsheims 75-års jubileum 2. november med kr 1000,-. Vi oppmoda andre, og m.a. ytte Førde

Mållag kr 1000,-, S. og Fj. Mållag kr 5000,- og Noregs Mållag kr 5000,-.

Vi utforma fyllannonser i Firda og Firdaposten til bruk på ledig plass, som er gratis for oss, med ymse standardtekstar liknande "Meld deg inn i mållaget". Avisene har brukt dei ofte.

Utanom årsmøtet hadde mållaget 5 styremøte.

#### **Tilskot:**

19.4. kr 5000,- tilskot frå kommunen seksjon kultur, aktivitetsmidlar for born og unge

8.8. kr 2000,- tilskot frå Sparebankstiftinga i S. og Fj.

Kontingenten har vore kr 360,- for vanleg medlem, av dette får mållaget kr 60,-.

Vi har 15 aksjar i Dag og Tid.

Vi har stigande øk. omsetning, men har ikkje hatt overskot i drftsåret.

Februar 2014. Arne Kleiva

**Årsmøtet** den 12. februar 2014 valde dette styret:

Leiar: Arne Kleiva

Kasserar: Harald J. Runde

Styremedlem: Berit Ekerbakke

Styremedlem: Inger Auflem

Styremedlem: Kjersti Garfors

Vara: Odd Byrkjeflot og Olvar Engebø

Årsmøtet godkjende årsmelding og rekneskap og gjekk inn for naturleg oppfølging av aktivitetane i fjor.

Styret i mållaget har denne e-postadressa:

[naustdal.mallag@gmail.com](mailto:naustdal.mallag@gmail.com) – leiaren hentar posten der jamleg, bruk den!

Februar 2014. Arne Kleiva

